

Protokoll frå føretaksmøte

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

**Godkjenning av årsrekneskap og
årsmelding, behandling av årleg
melding for 2009 m.v.**



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 8. juni kl. 12.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementets sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2009 (jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7)
- Sak 4 Godkjenning av godtgjering til revisor (jf. lov om helseforetak § 44)
- Sak 5 Årleg melding 2009 (jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15)
- Sak 6 Rapportering og kvalitet på ventelistedata
- Sak 7 Endring av driftskredittramme for 2010
- Sak 8 Mottak og behandling av elektroniske fakturaer
- Sak 9 Stadfesting av tidlegare vedtak

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen

Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Ohene Aboagye (frå kl. 12.50)

Nestleiar Aud Berit Alsaker Haynes

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Fagdirektør Baard-Christian Schem

Eigardirektør Ivar Eriksen

Også til stades

Statssekretær Ragnhild Mathisen

Underdirektør Astri Knapstad

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia

Underdirektør Kai R. Furberg

Ekspedisjonssjef Bjørn Erikstein


Seniorrådgjevar Siv Lunde

Avdelingsdirektør Frode Myrvold

Rådgjevar Vanja Strømsøe

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved rådgjevar Kristin Grimshei Madsen.

Vald revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, var varsla i samsvar med lov om helseforetak § 18 og møte, representert ved statsautorisert revisor Nicolai Homme.



Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Oddvard Nilsen og Anne-Grete Strøm-Erichsen blei valde til å skrive under protokollen. Helse- og omsorgsministeren overlét møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2009 (jf. lov om helseforetak § 43, vedtektene § 7)

I samsvar med lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga til styret for 2009 lagt fram til godkjenning i føretaksmøtet. Helse Vest RHF gjorde greie for årsrekneskap og årsmelding for 2009 og for styret sitt vidare arbeid på dette området. Statsautorisert revisor Nicolai Homme gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2009.

Føretaksmøtet viste til at rekneskapen som er lagt fram viser eit rekneskapsmessig overskot. I føretaksmøtet 27. januar 2009 blei det fastsett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2009: "Det økonomiske opplegget for 2009 slik det er presentert i St.prp. nr. 1 (2008-2009) la til grunn at pensjonskostnadene samla ville bli på same nivå som i 2008, dvs. 9,2 mrd. kroner. Dette kostnadsnivået blei og lagt til grunn ved fastsettinga av basisrammene til dei regionale helseforetaka for 2009. Nye berekningar med oppdatert sett av økonomiske parametarar inneber at pensjonskostnadene for 2009 vil vere i tråd med føresetnadene i St.prp. nr. 1 (2008-2009). For Helse Vest vert det stilt krav til eit rekneskapsmessig resultatet i balanse i 2009."

Årsrekneskapen for 2009 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit overskot på 156,3 mill. kroner. I resultatet inngår nedskrivning av egedelar med 0,9 mill. kroner og eit mindre beløp skuldast netto tap ved sal av eigedom. Føretaksmøtet var særst godt nøgd med at resultatkravet for 2009 er oppfylt og at det har vore ei kraftig forbetring av resultatet frå 2008.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF arbeider aktivt for å sikre kontroll og oppfølging i heile organisasjonen.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner styret sin framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2009.

Sak 4 Godkjenning av godtgjering til revisor (jf. lov om helseforetak § 44)

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeidet som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2009. Auken på kr 206 000 frå 2008 for føretaksgruppa skuldast meir arbeid i forbindelse med revisjonen i 2009. Av føretaksgruppa sitt samla revisjonshonorar på kr 2 407 000 inkl. mva. utgjør honoraret for revisjon av Helse Vest RHF kr 216 000 inkl. mva.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet godkjenner godtgjering på kr 2 407 000 inkl. mva. til ekstern revisor for lovpålagd revisjon av føretaksgruppa for 2009, medrekna godtgjering på kr 216 000 inkl. mva. for revisjon av Helse Vest RHF.

Sak 5 Årleg melding 2009 (jf. lov om helseforetak § 34, vedtektene §§ 7 og 15)

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseforetaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. I vedtektene § 15 blir det bestemt at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i lov om helseforetak om vilkåra knytt til løyvinga er oppfylde. Vilkår knytt til løyvinga går fram av oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2009.

Helse Vest RHF gjorde greie for årleg melding for 2009 og for styret sitt vidare arbeid på dette området.

Departementet har mottatt årleg melding frå Helse Vest RHF for 2009 pr. 18. mars 2010 og supplerande opplysningar i eige brev dagsett 30. april 2010. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF har levert ei god årleg melding for 2009. Det er rapportert utfyllande og med eit godt detaljeringsnivå på styringskrava.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har oppfylt "sørgje for"-ansvaret. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest kan vise til gode resultat knytt til aktivitet på tenestene, kvalitet, samhandling og forskning.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF i 2009 har ventetider som ligg under landsgjennomsnittet, men at det har vore ein auke i ventetidene frå 2008 til 2009. Føretaksmøtet ga uttrykk for at denne utviklinga er uheldig. Føretaksmøtet presiserte at det i oppdragsdokumentet for 2010 er stilt krav om reduserte ventetider og det er ein føresetnad at Helse Vest RHF innrettar drifta slik at dette målet vert nådd. Føretaksmøtet har også merka seg

at det har vore eit kraftig løft innan rusfeltet og at ein ventar seg betre kontroll med ventelistene på dette området.

Føretaksmøtet merka seg at det er utfordringar knytt til korridorpasientar, ventetider i barne- og ungdomspsykiatrien og dekningsgraden innan psykisk helsevern for barn og unge, men at dette er område som vil bli følgde særskilt opp i 2010. Føretaksmøtet streka under behovet for å prioritere arbeidet med ventetider og kvalitet i 2010.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest har etablert ein gjennomgåande struktur for distriktpsikiatriske senter, og at det framleis vil bli lagt stor vekt på å utvikle alle distriktpsikiatriske sentra til aktive behandlings- og rehabiliteringsinstitusjonar i nært samarbeid med kommunane. Føretaksmøtet merka seg at det er låg lege- og psykologbemanning ved enkelte distriktpsikiatriske senter. Føretaksmøtet forventa at det blir auka merksemd på dette i 2010.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet tar årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF til etterretning.

Sak 6 Rapportering og kvalitet på ventelistedata

Føretaksmøtet viste til at det i oppdragsdokumenta for 2010 er stilt krav om at dei regionale helseføretaka innanfor dei økonomiske rammene som er fastsett må sørge for at ventetidene blir reduserte. Føretaksmøtet la til grunn at det blir retta særskilt merksemd på den polikliniske behandlinga og streka under at dette arbeidet må bli høgt prioritert.

Ei arbeidsgruppe leda av Helse- og omsorgsdepartementet med representantar frå dei regionale helseføretaka og Helsedirektoratet har gått igjennom ventelistedata og ventelistemål. Gjennomgangen viser at det er behov for å betre kvaliteten på dei data som blir meldte tilbake til Norsk pasientregister (NPR) og at det er behov for større merksemd på registrering og tilbakemelding til NPR både frå dei regionale helseføretaka og frå helseføretaka.

For at kvaliteten på ventelistedata skal bli betre, presiserte føretaksmøtet at det er viktig med korrekt registrering. Føretaksmøtet presiserte at når pasientar på venteliste er gjeve helsehjelp i form av utredning eller behandling, skal dei bli avvikla frå ventelistene.

Ventelistedata er viktige og blir nytta i styring, utvikling og planlegging av spesialisthelsetenesta, både på regionnivå, på lågare nivå i helseføretaka og i andre verksemdar som er ein del av spesialisthelsetenesta. Aktiv bruk av ventelistedata er ein føresetnad for å oppnå betre kvalitet i spesialisthelsetenesta. Både regionale helseføretak og helseføretak har behov for meir oppdatert og fortløpande informasjon om utviklinga i ventelistene enn det NPR i dag er i stand til å levere. Regionale helseføretak har derfor utvikla eller er i ferd med å utvikle eigne løysingar. Dette kan føre til ulik ventelisteinformasjon til dei ulike aktørane. Det er behov for større grad av nasjonal samordning på dette området og det bør på nasjonalt nivå leggjast til rette for eit felles styringssystem. Ein føresetnad for dette er at NPR laupande kan levere styringsinformasjon av god kvalitet til aktørane og føresett ein oppgradering av NPR, både når det gjeld kompetanse og teknologi.

Dei regionale helseføretaka og Helsedirektoratet skal samarbeide om å utvikle ei løysing for betre flyt av styringsdata mellom aktørane. Løysinga skal etablerast i 2011. Helse- og omsorgsdepartementet vil komme tilbake til denne saka i eit eige brev i juni 2010.

Helse- og omsorgsdepartementet vil frå 2011 stille krav om tilbakemelding kvar månad og oppfølging av NPR-baserte ventelistetal til erstatning for den tertialvise tilbakemeldinga i dag. Føretaksmøtet la derfor til grunn at nødvendige tekniske løysingar som legg til rette for tilbakemelding kvar månad til departementet, er på plass frå 1. januar 2011.

Føretaksmøtet streka under at det skal arbeidast med å redusere ventetider, uavhengig av dei tekniske løysingane for tilbakemelding.

Føretaksmøtet uttrykte sterk forventning om betring av kvaliteten på ventelistedata i 2010, særleg når det gjeld korrekt registrering av når pasientar på venteliste er gjeve helsehjelp. Helse- og omsorgsdepartementet vil følgje opp dette gjennom helseføretaka si tilbakemelding til NPR i 3.tertial 2010.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet ber Helse Vest RHF om å leggje til rette for at ventelistedata kan bli meldte tilbake kvar månad til departementet frå 1. januar 2011. Det er eit mål at data som blir meldte tilbake til departementet er samanfallande med data frå Norsk Pasientregister (NPR).

Sak 7 Endring av driftskredittramme for 2010

I det opplegget som er etablert for å handtere pensjonskostnader vil differansen mellom pensjonspremiar og pensjonskostnader blir motsvara av tilsvarande endringar i driftskredittrammene. Den delen av pensjonskassene sine overskot som blir førte tilbake til eigarane, går inn i grunnlaget for å berekne differansen mellom pensjonspremie og pensjonskostnad. For 2010 er det lagt til grunn at 600 mill. kroner i tilbakeført overskot frå pensjonskassene frå 2009, skal bli ført til premiefond, jf. Prop. 125 S (2009-2010)

Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010. Dette inneber at helseføretaka ikkje sjølve kan avgjere når desse midlane skal nyttast. Det skal rapporterast om behaldninga på premiefond i den ordinære økonomirapporteringa til departementet. Ved utgangen av 2010 skal behaldninga av premiefond i Helse Vest RHF minimum utgjere 114 mill. kroner.

Den samla driftskredittramma som Stortinget har løyva var 6,9 mrd. kroner pr. januar 2010. Jf. Prop. 1 S (2009-2010) skal den samla ramma reduserast med 500 mill. kroner til 6,4 mrd. kroner innan utgangen av 2010. Som følge av ny informasjon om dei samla pensjonspremiene og -kostnadene i 2010, blir nå pensjonspremiene anslått til å bli 200 mill. kroner lågare enn i saldert budsjett og pensjonskostnaden blir anslått til å bli 50 mill. kroner høgare enn i saldert budsjett. Differansen mellom pensjonspremie og pensjonskostnad blir dermed auka med 250 mill. kroner. Dette inneberer isolert sett ein auke i nedjusteringa av driftskredittramma med tilsvarande beløp.

Som følge av endringar i helseføretaka sine innbetalingar til Norsk pasientskadeerstatning, blir det i Prop. 125 S (2009-2010) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010*, foreslått at driftskredittramma til dei regionale helseføretaka blir auka med 182 mill. kroner knytt til dette. Samla sett blir det i Prop. 125 S (2009-2010) *Tilleggsbevilgninger og*

omprioriteringer i statsbudsjettet 2010 foreslått å auke det samla nedbetalingskravet med 68 mill. kroner til 568 mill. kroner.

Helse Vest RHF hadde ved inngangen til 2010 ei samla driftskredittramme på 1 675 mill. kroner, med krav om en nedbetaling av 95 mill. kroner til 1 580 mill. kroner jf. nedjusteringa av samla ramme jf. Prop. 1 S (2009-2010). Som følge av forslaget i Prop. 125 S (2009-2010) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010* aukar Helse Vest RHF sin del av samla nedbetaling med 13 mill. kroner til 108 mill. kroner, slik at driftskredittramma ved utgangen av 2010 blir sett til 1 567 mill. kroner. Den månadlege nedjusteringa i driftskredittramma vil dermed bli auka frå 7,9 mill. kroner til 10,1 mill. kroner frå og med juli 2010.

Føretaksmøtet vedtok:

Med atterhald om Stortinget si behandling av Prop. 125 S (2009-2010) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010, vert Helse Vest RHF si ramme for driftskredit ved utgangen av 2010 endra frå 1 580 mill. kr til 1 567 mill. kroner. Ved utgangen av 2010 skal behaldninga av premiefond i Helse Vest RHF minimum utgjere 114 mill. kroner.

Sak 8 Mottak og behandling av elektroniske fakturaer

I St.meld. nr. 36 (2008-2009) *Det gode innkjøp* har regjeringa bestemt at statlege verksemder skal kunne ta imot elektroniske fakturaer på eit fastsett standardformat innan 1. juli 2011. Dette inneber at statlege verksemder skal ha rutinar og tilgang til funksjonar for å kunne ta imot fakturaer og andre utbetalingsdokument på fastsett standardformat, ha lik og effektiv behandling av fakturaene i verksemda basert på bruk av elektronisk fakturabehandlingssystem som del av økonomisystemet, samt oppbevare fakturaene ordna og med forsvarleg sikring i den perioden ein er pålagt oppbevaring.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet ber Helse Vest RHF om å greie ut og fastsetje ein plan for mottak og behandling av elektroniske fakturaer. Arbeidet skal ha som mål at helseføretaka skal kunne ta imot og behandle elektroniske fakturaer på fastsett standardformat innan 1. juli 2011. Føretaksmøtet ber dei regionale helseføretaka vurdere om det er hensiktsmessig å inngå eit samarbeid om det nemnde utgreiingsarbeidet.

Sak 9 Stadfesting av tidlegare vedtak

Etter etablert praksis skal vedtak som er fatta i telefonmøte bli stadfesta i fyrste ordinære føretaksmøte. Det er halde eit føretaksmøte som telefonmøte sidan siste ordinære føretaksmøte i Helse Vest RHF.

Prøveordning med pålegg om umiddelbart å varsle til Statens helsetilsyn når alvorlege hendingar har skjedd

Det vart halde føretaksmøte som telefonmøte i Helse Vest RHF 4. mai 2010. Saka gjaldt ei prøveordning med pålegg om umiddelbart å varsle til Statens helsetilsyn når det har skjedd

alvorlege hendingar. Pålegget er ein følge av etableringa av ei prøveordning med uttrykkingsgruppe i Statens helsetilsyn.

Føretaksmøtet vedtok:

Helse Vest RHF skal pålegge underliggende helseføretak og institusjonar dei har avtale med å varsle Statens helsetilsyn umiddelbart når alvorlege hendingar har skjedd. Varselet skal gis frå den aktuelle helseinstitusjonen til Statens helsetilsyn. Pålegget gjeld som ei prøveordning i to år med verking frå 1. juni 2010.

Møtet vart heva kl. 13.05.

Oslo, 8. juni 2010



Anne-Grete Strøm-Erichsen



Oddvard Nilsen

